

Vestlandske Teatersenter  
Årsmelding 2006





# Innhald

<b>Teateret - fortsatt i live</b>	<b>4</b>
<b>2006 - eit år</b>	<b>6</b>
<b>Fråsegn frå styret</b>	<b>8</b>
<b>Resultatrekneskap</b>	<b>10</b>
<b>Balanse</b>	<b>10</b>
<b>Notar</b>	<b>12</b>
<b>Revisor</b>	<b>14</b>
<b>Styremedlemmer</b>	<b>15</b>
<b>Ansatte</b>	<b>15</b>
<b>Timelærarar</b>	<b>16</b>
<b>Forestillingar 2006</b>	<b>17</b>
<b>Teaterframsyningar</b>	<b>22</b>
<b>Medlemsorganisasjonar</b>	<b>23</b>
<b>Kurs og kompetanse</b>	<b>24</b>
<b>Gjennomførte kurs 2006</b>	<b>25</b>
<b>Vedtekter</b>	<b>26</b>

# Teateret - framleis i live!

Det er stille. Det er nesten mystisk. Musikken pulserar lågt i mørkret. Gradvis går lyset opp på scena og openber noko vi aldri hadde drøymt om å få sjå på ei teaterscene. Der utspelar ei vakker og dramatisk kjærleikshistorie seg. Utan ord. Kun med rørsler. Vakre, rare sensuelle, groteske, herlege, annleise rørsler. Framført med dokker! Kjempedokker, større enn «real-life»! Kjærleik, erotikk, sjalusi og raseri framstilt av armar og bein som stikk opp i lufta med dokkehovud på, tvinnar seg inn i kvarandre, vrir seg, gnir seg inn mot kvarandre i elskov og nærleik, einsemd og fortvilning. Det tar pusten frå ein. Ein blir rett og slett litt sett ut av spel. Kanskje litt «kåt».

KÅT AV DOKKETEATER! Kva har dette med barneteater å gjere? Om ikkje kåt i ordet sin eine forstand, så «kåt på livet» for det kan godt barneteater gjere deg. Klaipėda Puppet Theatre frå Litauen som gjesta teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI i 2006, synte oss ei kjærleikshistorie for ungdom. Den var ikkje farleg for ungdom sjølv om den var «erotisk» ikkje heller for mindre barn. Den er nok farlegast for oss vaksne, for den minner oss på kor vakker kjærleiken er og på korleis vi hastige menneske har gløymt å leve med kjenslene våre. Dei gav oss 45 minutt med teatermagi. Det er ei sjeldan fantastisk oppleving som vekkjer ønskje om å sjå meir av det same. Det må vere Vestlandske Teatersenter sitt høgaste mål å jobbe for å oppfylle eit slikt ønskje.

## Viss ei teaterframsyning er god nok kan ein oppdage dei mest magiske sidene ved livet -og teateret! Det er ei herleg kjensle og ei viktig hending i eit menneske sitt liv!

DET ER VANSKELEG å lage godt barneteater. Like vanskeleg som å lage godt teater for vaksne. Det krev spesialkompetanse. For at norsk barneteater skal nå eit høgare nivå må det arbeidast kontinuerleg og systematisk med utforsking av forskjellige former for formidling, uttrykk og retorikk. Vestlandske Teatersenter har denne moglegheita gjennom sin unike posisjon i det norske teaterlandskapet. I denne bedrifta er det gjennom offentleg støtte sikra 5 – 6 faste teaterarbeidsplassar. Dette sikrar moglegheit for ei viktig langsiktig og kvalitativ utvikling.

DÅ VI JOBBAR med Helge Jordal fram mot framsyninga «Rødt Lys» våren 2006 stilte han ei rekkje særse sentrale spørsmål om det å lage teater for barn. «På kva plan skal vi spele dette?» «Meinar vi det, eller latar vi som». «Viss ikkje VI trur på denne historia, kan vi då vente at barn skal tru på den?! Kva er røyndom for barn og kva er det for vaksne. Viss vi skal ta barna på alvor, må vi først ta oss sjølve og den historia vi vil fortelje, på alvor». Helge Jordal har rett, dette er sjølve kjernepunktet for den utviklinga vi så sårt treng.

EG ER SAMD med dei som hevdar at det i Noreg vert lagt mykje vekt på «underhaldning» i barneteater. Vi kan godt våge å vere meir alvorlege, MEN ei god barneteaterformidling treng ikkje vere radikal, «eksperimentell» eller

politisk. Det kan vere eit eventyr framført på den mest tradisjonelle måte for den del, berre den er gjennomarbeida, ekte, bevisst og spelt med hjartet. Barn er ikkje kritiske, dei er ærlege! Ei slik formidling kan ein oppnå ved å jobbe langsiktig med stimulering til ny barnedramatikk, ved å legge opp formidlings- og utviklingsprogram med gode ressursar til langsiktig utvikling, kvalitetsheving og bevisstgjerung.

FOR ANDRE ÅRET på rad gjennomførte Vestlandske Teatersenter i desember 2006 teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI nettopp for å fremje desse føremåla. Viktig! Nettopp desse ideala om utvikling må vere sentrale for Vestlandske Teatersenter sitt arbeid i dei næraste åra, og festivalen må vere lokomotivet VT-toget må følgje. Nett slik, gjennom å møte menneske frå andre kulturar, med andre opplevingar og andre syn på ting enn dei vi er vane med, kan vi lære noko nytt. Berre slik kan teateret tangere røynda og samtida og verkeleg vere ein levande del av kulturen. Og alt dette byrjar med barna og deira oppleving med teater. Her har Vestlandske Teatersenter si største oppgåve i åra som kjem, å søke å setje teateret på dagsorden og gjennom det, betre det over det heile.

På scena står ein rar mann med ein binders i nasen og snakkar eit merkeleg språk. Gibbrish. Heilt uforståeleg. Likevel forstår vi akkurat kva han meiner. Han har noko viktig å seie barn - og

vaksne. Han snakkar om det å stå saman, om det å lytte til kvarandre. Han har mykje å lære oss sjølv om han ikkje kan eit einaste ord! Han er teater!


Midt i Bergen by står det ein merkeleg buss. Utanfor bussen hamrar det ubarmhjertige vestland-sregnet, men inne er det ei anna røyndom. Ei heilt eiga verd. Ei varm, vakker, fargerik japansk verd så fjern frå vårt vintermørke... der inne er det lov å drøyme seg bort! Kor elles får vi lov til det i denne hastige verda vår? Frå ein mørk teatersal strøymer ungar ut i lyset medan dei hoppar, dansar og syng «street dans, street dans» Dei har vore med og dansa på scena i stykket dei har vore og sett, og verda er annleis no enn då dei gjekk inn i mørkret...

MEN ER DET bra at ein blir kåt av ei teaterframsyning, tenkjer eg, der eg sit i teatermørkret og er litt flau. Kåt av dokketeater. Eg må berre akseptere tanken, for det er både ei god og ei urovekkjande kjensle på same tid. Egentleg er det livet eg føler ein kåtskap for, å leve livet! Når eg kjem ut i det ubarmhjertige ettermiddagslyset, tenkjer eg: «No lever eg!» Det tenkjer eg ikkje så ofte. Eg trur eg må få med meg fleire teaterframsyningar!

DET bør de og ...

Steinar Thorsen  
Kunstnarleg leiar





# 2006

## ei kunstnarleg og administrativ utfordring

2006 BLEI I OVERKANT «dramatisk» for ein del av den administrative verksemda. Vestlandske Teatersenter sto i fare for å miste det meste av tilskottet frå Norsk teaterråd, grunna nye fordelingskriterie. Norsk teaterråd mottar kvart år midlar frå Kultur- og kyrkedepartementet som skal fordelast vidare til medlemsorganisasjonane. Mykje arbeid blei lagt ned i 2006 for å sikre at VT framleis skulle motta eit beløp som sikra vidare drift i den noverande form, frå teaterrådet. I samband med Statsbudsjettet for 2007 blei det bekrefta at VT var sikra tilskottet. Store delar av året blei brukt til dette arbeidet og vi ønskjer å takka alle gode støttespelarar som bidrog til at det blei eit resultat til å leva med også i framtida.

GODE ERFARINGAR blei òg hausta i dette arbeidet. HATS (Hålogaland Amatørteaterselskap) i Tromsø var i same situasjon som VT. Dette gjorde at arbeidsplassar stod i fare både hos VT og HATS. I det daglege er VT og HATS ulike på mange vis, likevel var det ikkje vanskeleg å finne ei god samarbeidsform i det viktige arbeidet som vart nedlagt i 2006. Gjensidig respekt for det organisasjonane våre arbeider med, verdien av å formidle teater i ulike former var

fundament som gjorde at vi utan vanskar kunne jobbe mot same mål: å sikra vidare forsvarleg drift for to særskilte viktige kulturaktørar i Noreg. Samarbeidet gjorde og at vi fekk større innsikt i kvarandre sin aktivitet, noko som igjen førte til at respekten auka ytterlegare. Slik ønskjer VT at organisasjonane i teaterrådet og skal kunne jobbe saman i framtida. Vi er forskjellige, og det må sjåast på som ein styrke og ikkje ein svakheit. VT vonar at Norsk teaterråd i framtida ser at det som gjer teaterrådet til ein viktig kulturaktør i Noreg nettopp er at medlemsorganisasjonane ikkje er like. Mangfald gjer ein sterk, einsretting blir ein bremsekloss.

DET ER EI UTFORDRING å skulle markere seg i eit kulturlandskap som rommar mange aktørar og tilbod. Ein skal evne å vera moderat med tanke på budsjetttrammene ein har til rådighet. Samstundes skal ein vise at organisasjonen har tilbod og aktivitetar som er viktige for tilboda på Vestlandet. Ambisjonsnivået vart nok i høgste laget for VT i 2006. Dette skal vi ta lærdom av, og nytta som rettesnor for 2007. Samstundes er det viktig å signalisere til dei løyvande organ at utfordringa i å vera ambisjos og satsa på verksemd som er viktig for å føre tilboda innan

teater for barn og unge, amatørteater, frivillige grupper, museum og skolar for å nemne nokre felt, vidare, kan vera ei vel stor «kunstnarleg og administrativ» utfordring, når midlane langt på veg står på same nivå år etter år. Ein reell løns- og prisvekst må kompenseres i større grad og viljen til å investere i feltet VT og liknande organisasjonar representerer håpar vi aukar i åra som kjem.

I SAMBAND MED 40 års jubileet i 2007, spurde vi nokre av våre teaterskoleelevar kvar VT ville vera om 40 år. Eit av svara var at vi i Noreg då ville vera i ein situasjon kor heile oljefondet gjekk til kultur. Eg grip den ungdommelege evna til ei “enkel” løysing på framtida akkurat lenge nok til å uttrykke ønskje om ei auka satsing. Kulturaktørar i Noreg ber ikkje om “heile oljefondet”, men du verda så godt det hadde vore å kjenne nokre dråper med olje dryppande òg på “klokkaren”.

*Froydis Otre  
Adm.leiar*

## Fråsegn frå styret 2006

### OPPNÅDDE RESULTAT

Styret kan melde om store utfordringar og gode kunstnarlege, undervisningsmessige og organisasjonsmessige resultat for 2006. Gode teaterframsyningar, eit variert kurstilbod og ein viktig fagleg og kunstnarleg teaterfestival er med på å setje VT på kulturkartet. Organisasjonen er sikra tilskot frå Norsk teaterråd på same nivå som tidlegare. Ei særers ressurskrevjande sak i 2006 kan avsluttast med godt resultat for organisasjonen.

### FRAMSYNINGAR OG KURS

Antal framsyningar i 2006 var 29 og av desse var 18 reine VT framsyningar og 11 i samband med teaterfestivalen Mini Midi Maxi. Festivalen vart gjennomført for andre gong og styret ser det som ei viktig satsing også i tida framover. Ein festival som kombinerer det kunstnarlege og faglege gir ein nødvendig heilskap i diskusjonane omkring teater for barn og unge og vil på sikt vere med å utvikle feltet kunstnarleg og med tanke på status.

35 kurs og workshop vart gjennomført. Styret ser det framleis som viktig at kurstilbod har eit mangfald, sjølv om deltakartalet på einskilde kurs har vore lågt. Organisasjonen har brei kompetanse innan teaterfaglege kurs og det er viktig at dette også syner att i tilboda.

### TEATERSKOLE

Søknad til dei ulike klassane er framleis stor og elevtalet er stabilt med eit totalt elevtal på 145. Dei faste tilsette har høg kompetanse på feltet og saman med dyktige timelærere og gode assistentar har dei gjort ein framifrå innsats for teaterrelevante frå 6 - 20 år i 2006. Styret ser og verdien av at elevar frå ulike klasser i tillegg har fått høve til å delta i ei rekke spanande teaterprosjekt - både i VT sin eigen regi og utanfor huset.

### MEDLEMMAR OG MEDELMSSERVICE

Medlemstalet har vore stabilt med ein liten auke. Vi har til saman 48 lag og organisasjonar og 156 enkeltpersonar som medlemmer i 2006. Mykje tid går med til å yte ein god service gjennom informasjon (web, VT-kornet, elektronisk nyhetsbrev etc.) stipend, utleige og eit breitt kurstilbod.

### ØKONOMI

VT har i 2006 eit underskot på kr. 503 770,-. Hovudårsaka til underskotet er å finne i ein markant svikt i inntekter knytte opp mot kurs og oppdrag, mindre billett- og sponsorinntekter i samband med teaterframsyningar og lønsoppgjere for 2006. Styret har sett i verk tiltak som skal hindre eit liknande scenario for det komande året, og vil mellom anna endre på nokre av rutinanen innan rekneskapsføringa. Det blir vektlagt å satse på mindre ressurskrevjande framsyningar enn det tilfellet var for 2006, både økonomisk og personellmessig. Større inntening på kurssida blir og eit viktig fundament. Styret vil likevel presisere at dei ser det som særers viktig at teaterfestivalen Mini Midi Maxi og blir eit satsingsfelt i åra som kjem, og vonar at dette kan synast att i dei offentlege løyvingane.

Styret sitt framlegg er at årets underskot vert dekkja ved overføring frå opptent eigenkapital.

### Vidare drift

Føresetnaden for vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskopen.

### UTFORDRINGAR

Styret ser det som ei viktig oppgåve å jobbe for auka løyvingar frå det offentlege, for å få ein naturleg kompensasjon som står i høve til løns- og prisvekt på kostnadssida.

### MØTEVERKSEMD

Det vart halde 7 styremøte samt årsmøte i 2006.

### ARBEIDSMILJØ

Det har ikkje vore sjukemeldingar eller ulukker med personskadar i 2006. Arbeidsmiljøet i 2006 har i ein viss grad vorte prega av uvissa kring tilskot frå Norsk teaterråd. Styret ønskjer å styrke arbeidsmiljøet gjennom innføring av medarbeidersamtalar, faglege samlingar og generelt eit tettare samarbeid mellom styret og dei tilsette. Det er fast tilsett 2 menn og 4 kvinner i organisasjonen. Styret består av 4 menn og 2 kvinner.

### YTRE MILJØ

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret takkar dei tilsette, samarbeidspartnarar, Kultur- og kyrkjedepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune for godt samarbeid.

Bergen, 20. februar 2007

  
Yngve Seterås  
Styrelidar

  
Alf Hølge Greaker

  
Kari Mjaaland Heggstad  
Nestleiar

  
Camilla Svingen  
Styremedlem

  
Torbjørn Høygaard  
Styremedlem

  
Ronny Hansén  
Styremedlem

## Resultatregnskap

	Note	2006	2005
<b>Driftsinntekter</b>			
Tilskot	2	3 111 367	2 797 921
Andre inntekter		2 088 444	1 699 384
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>5 199 811</b>	<b>4 497 305</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønskostnad	4	2 665 195	2 322 595
Avskrivning	5	106 923	84 774
Andre driftskostnader		2 940 233	2 172 583
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>5 712 351</b>	<b>4 579 952</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>512 540</b>	<b>82 647</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annan renteinntekt		8745	5 788
Annan finansinntekt		126	450
Netto finansinntekter		101	0
<b>Årets resultat</b>		<b>503 770</b>	<b>76 409</b>
<b>Overføringer</b>			
Overført til/frå annan egenkapital		-503 770	-76 410

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2006	2005
<b>Anleggsmidler</b>			
Varige driftsmidler			
Inventar, verktøy, kontormaskiner ol	5	324 649	431 572
Finansielle eigendelar			
Investering i aksjar		1 000	1 000
Andre fordringar		5 000	5 000
<b>Sum finansielle eigendelar</b>		<b>6 000</b>	<b>6 000</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>330 649</b>	<b>437 572</b>
Omlaupsmidler			
Fordringar			
Kundefordringar		30 520	101 305
Andre fordringar		80 001	19 755
<b>Sum fordringar</b>		<b>110 521</b>	<b>121 060</b>
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	586 430	1 006 168
<b>Sum omlaupsmidler</b>		<b>696 951</b>	<b>1 127 225</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>1 027 600</b>	<b>1 564 799</b>

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2006	2005
<b>Eigenkapital</b>			
Opptent eigenkapital			
Eigenkapital		260 705	764 475
<b>Gjeld</b>			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		106 210	29 735
Skuldig offentlege avgifter		243 574	161 719
Annan kortsiktig gjeld		417 111	608 870
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>766 895</b>	<b>800 324</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>1 027 600</b>	<b>1 564 799</b>

Bergen, 20. februar 2007

  
Yngve Steierås  
Styremedlem

  
Alf Hølge Greaker  
Styremedlem

  
Kari Mjaaland Heggstad  
Nestleder

  
Camilla Svingen  
Styremedlem

  
Toralf Kvor Halvorsen  
Styremedlem

  
Ronny Hånes  
Styremedlem



## Noter

### Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

#### Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

#### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knytter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/ langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

#### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar balanseførast og avskrivast over den økonomiske levetida til driftsmiddele dersom dei har levetid over 3 år. Vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsførte løpande, medan påkostningar blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrivast over resterande økonomisk levetid.

### Note 2 - Tilskot

	2006	2005
Norsk Amatørteaterråd	966 367	947 921
Kulturdepartementet	1 000 000	980 000
Bergen Kommune	740 000	650 000
Hordaland Fylke	220 000	220 000
Norsk Teaterråd	185 000	0
<b>Sum</b>	<b>3 111 367</b>	<b>2 797 921</b>

### Note 3 - Bundne bankmidlar

Av innestående på bankkonti 31.12. er kr 134 676 bunde som tryggleik for skattetrekksmidlar.

### Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	2006	2005
Løn	2 315 201	2 027 082
Folketrygdavgift	328 699	285 302
Pensjonskostnader	18 464	0
Andre ytingar	2 831	10 211
<b>Sum</b>	<b>2 665 195</b>	<b>2 322 595</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette	6	5
---------------------------------	---	---

Godtgjersler	Lønn	Andre godtgjersler
Dagleg leiar	362 571	0
Styret	0	25 000

#### Revisor

Revisjonshonoraret for 2006 utgjer 28 000. I tillegg kjem andre tenester med 3 250. Alle beløp er inklusiv mva.

### Note 5 - Pensjonskostnader

Vestlandske Teatersenter er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Oppretta pensjonsordning er i samsvar med krava i denne lova. Selskapet har oppretta innskotsplan. Innskotsplanen omfattar heiltidstilsette og utgjer 2% av løn. Pr. 31.12.2006 var det 6 medlemmar i ordninga. Kostnadsført innskot utgjorde kr 18 464.

### Note 6 - Varige driftsmidlar

Inventar, verktøy, kontormaskiner ol	
Kostpris 01.01.2006	557 414
Akk. avskr./nedskr. 01.01.2006	125 842
Akk. avskrivningar 31.12.2006	232 765
Bokført verdi 31.12.2006	324 649
Avskrivning i året	106 923
Økonomisk levetid	3-5 år
Avskrivingsplan	Lineær

  
Yngve Seterås  
Styreleiar

  
Alf Hølge Greaker  
Styremedlem

  
Kari Mjaaland Heggstad  
Nestleiar

  
Camilla Svingen  
Styremedlem

  
Freydis Øve  
Administrativ leiar

  
Toralfvor Halvorsen  
Styremedlem

  
Ronny Hansen  
Styremedlem

## Til årsmøtet i VESTLANDSKE TEATERSENTER

### REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revidert årsrekneskapen for VESTLANDSKE TEATERSENTER for rekneskapsåret 2005 som syner eit årsunderskot på kr 76 410. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekking av underskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 24.februar 2006

ERNST & YOUNG AS



Frank Eithun Helland  
Statsautorisert revisor



### Styret, valnemnd og revisor

### Personalet

#### Styreleiar

Yngve Seterås

#### Styremedlem / nestleiar

Kari Mjaaland Heggstad

Einskild medlem

#### Styremedlem

Tor Halvor Halvorsen

Representant for medlemsorganisasjonar

#### Styremedlem

Ronny Hansen

Foreldrerepresentant

#### Styremedlem

Alf Helge Greaker

Oppnemnt av Bergen kommune for perioden 2003 - 2007

#### Styremedlem

Camilla Svingen

Representant for dei tilsette på VT

#### Vararepresentantar:

Kari Hop Skiftesvik Vara for Alf Helge Greaker

Hans Petter Svege Vara for Ronny Hansen

Edle Svendsen Lunde

Vara for Kari Mjaaland Heggstad og Tor Halvor Halvorsen

Frøydis Flotve

Vara for Camilla Svingen

#### Valnemnd:

Knut Fjeld, Sotra Teaterlag

Margareth Hosøy, Stigespillerne

Grete Stemre, Foreldrerepresentant

#### Revisor:

Ernst & Young

#### Namn

Kunstnarleg leiar

Administrativ leiar

Teaterpedagog/  
undervisningskoordinator

Teaterpedagog/  
kurs- og medlemskoordinator

Teaterpedagog

Kontormedarbeidar  
, lyd-/lysteknikar

#### Tittel/stillingsstørrelse

Steinar Thorsen

Frøydis Otre

Frøydis Flotve

Camilla Svingen

Kristin Saltkjelvik

Øyvind Greve

#### Arbeidsoppgåver

Kunstnarleg ansvarleg for drift og prosjekt, samt instruktørarbeid. Administrativt ansvar for drift, økonomi, prosjekt og trykksaker.

Koordinator for teaterskolen, undervisning, kurs og regi.

Koordinator for medlemservice, undervisning på teaterskolen samt kursverksemd.

Undervisning på teaterskolen, kurs og regi.

DRAMAS, førstelineteneste, teknisk på framsynningar, inspisient.



## Frilansarar og timelærarar 2005

Namn	Engasjement
Kate Elin Lid	Timelærer teaterskolen samt kurshaldar
Margareth Hosøy	Timelærer teaterskolen, kurshaldar og skodespelar i framsyninga "Dill & Diger"
Tor Martin Bøe	Scenografi, "RV 555", Diverse grafisk design
Anders Vassenden	Musikar, framsyninga "Dylan - Jeg er ikke her"
Jan Tore Ness	Musikar, framsyninga "Dylan - Jeg er ikke her"
Øystein Fosshagen	Musikar, framsyninga "Dylan - Jeg er ikke her"
Sveinung Medbøen	Musikar, framsyninga "Dylan - Jeg er ikke her"
Lars Sveinung Lid	Musikar, framsyningane "Dylan - Jeg er ikke her" og "Dill & Diger"
Ann Terese Aasen	Koreograf, "Dylan - Jeg er ikke her" og "Rødt Lys"
Marte Synnevåg	Kostyme, "Dylan - Jeg er ikke her" og "Rødt Lys"
Slavèn Nemes	Scenografi, Rødt Lys" og "Dylan - Jeg er ikke her"
Eirik Jørstad	Lyd designar "Dylan - Jeg er ikke her"
Bjørn Rune Olsen	Sceneteknisk assistanse
Tryggve Trohaug	Sceneteknisk assistanse
Viktorija Rudyte	Scenografi, "Dylan - Jeg er ikke her". Scenografi og instruktør "Det klebrige huset"
Karin Hox	Instruktør "Kollektivet"
Inger Raddum	Manus "Kollektivet"
Marte Solberg	Forestilling / magistund
Helge Jordal	Skodespelar "Rødt Lys"
Tor Halvor Halvorsen	Skodespelar "Rødt Lys"
Åslaug Magnusson	Skodespelar "Rødt Lys" og "RV 555"
Teachery Gafuku	Skodespelar / DJ "Rødt Lys"
Tarjei Vatne	Komponist "Rødt Lys" og "RV 555"
Per Jan Ingebrigtsen	Manus "Rødt Lys"
Are Kalvø	Tekstskrivingskurs
Susann B. Kambestad	Skodespelar "RV 555"
Christopher Birknes	Skodespelar "RV 555"
Preben Hodneland	Skodespelar "RV 555"
Eirik Tveiten	Manus "RV 555"
Julie Gjørtz Howden	Skodespelar "Det klebrige huset"
Siri A. Kristiansen	Skodespelar "Det klebrige huset"
Andreas Holt	Skodespelar "Det klebrige huset"
Maurício Taipe	Skodespelar "Det klebrige huset"
Valdas Volbekas	Videoproduksjon "Det klebrige huset"
Bronislovas Rudys	Scenografi "Det klebrige huset"
Arnas Palubinskis	Masker, kostymer, dokker "Det klebrige huset"

## Aktivitetar i 2006

Vestlandske Teatersenter (VT) har i 2006 hatt eit særst aktivt år. Kan hende det mest omfattande året hittil i teatersenteret si historie. Gjennom stadig meir aktivitet som breier seg ut i ein stadig vidare horisont, har VT det siste året vorte meir synleg i eit yrande og mangfaldig teaterlandskap på Vestlandet.

Synleggjering er viktig i ei tid og ei røynd der mange tevlar om dei avgrensa godane. For å ha truverd i ein bransje med mange dyktige aktørar må ein stikke hovudet fram langt nok og frekt nok til at det vert lagt merke til. Ein må lukkast med å nå sine mål og gjennomføre dei prosjekta ein startar med profesjonell kvalitet.

Vestlandske Teatersenter må ha ambisjonar og sette seg mål å strekke seg etter, slik vi har gjort i 2006, men med auke i aktiviteten kjem og behovet for ei bevisstgjering på kva som er kjerneverksemda til bedrifta. Dette teiknar seg som ein naudsynt prosess i framtida for VT etter ei registrering av at 2006 hadde eit program som tangerte yttergrensa av kva ei så lita verksemd har kapasitet til å gjennomføre.



**BILDER FRÅ BJØRGVIN**  
Dramaførlop med 200 barnehagebarn.  
Samarbeid med Barnas Hus  
og Barnas Festspliddag.

**RØDT LYS**  
Trafikkopplæringsstykket i samarbeid  
med Den Kulturelle Skolesekken.

**RV 555**  
Trafikkopplæringsstykket i samarbeid med  
Hordaland Fylke og Hordaland Vegkontor.

## TEATERFESTIVALEN MINI-MIDI-MAXI

Festival med søkjelys på teater for barn og unge. Samarbeid med Den Nationale Scene, Hordaland Teater og Høgskolen i Bergen

For andre gong gjennomførte Vestlandske Teatersenter i desember 2006 teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI. Til saman gjesta 16 ensemble frå Noreg, Sverige, Danmark, England og Litauen festivalen. Publikum fikk mange og varierte døme på kva godt teater for barn og unge kan vere. Mykje av det vi fekk sjå var annleis enn det vi er vane med i Noreg. Torbjørn Egner, Astrid Lindgren og norske folkeeventyr er ofte veldig flott, men det er godt å sjå noko anna enn det vi kjenner så godt. Når vi blir overraska eller kan hende overrumpla, då har teateret si sanne kraft, då blir vi påverka og rørt. Festivalen hadde i tillegg eit omfattande og viktig fagleg program med tre seminar, 8 workshops og 2 foredrag der ein diskuterte ymse tema innan barne- og ungdomsteater. Mandat for festivalen er å bidra til å skape eit betre barneteater i Noreg. Det er brei semje om at festivalen skal verte ei årleg hending.

Det var mange store og betydelege kunstnarar som vitja festivalen i 2006 og var med og gav ei flott kunstnarleg og fagleg oppleving. Ein av Noreg sine mest kjende barne- og ungdomsteaterentusiastar, Lars Vik frå Grenland Friteater, hadde med ein av sine framsyningar i festivalen samstundes som han heldt både workshop og foredrag. Den særskjende svensken Lasse Åkerlund frå Teater Allena synte ei strålende framsyning med "Bortbytningen" og viste oss ein heilt ny måte å formidle til unge. Også Klaipėda Puppet Theatre synte oss teaterkunst av ypparste internasjonale klasse med si fantastiske ordlause figurteaterframsyning "The Woman". Festivalen sitt kanskje største "scoop" var den verdskjende dramatikaren Edward Bond som vitja festivalen med si eiga gruppe "Big Brum" og framsyninga "The Balancing Act". Han gav også ein inspirerende workshop og eit tankevekkande foredrag om ungdom, teater og demokrati.

Også i 2006 gjennomførte Vestlandske Teatersenter framsyninga / dramaopplegget "Bilder fra Bjørgvin" med 200 barnehage- og skolebarn som på Barnas Festspliddag på Torgallmenningen dansa, song, spelte, forma og gjenskapte mellomalderen i Bergen.

Opplegget vart laga til ei framsyning med barn frå Teaterskolen i 1994. Manuskriptet blei utarbeida på bakgrunn av historiske fakta, og improvisasjonar som barna hadde laga. Gjennom eit samarbeid med Barnehagekontoret i Bergen og Barnas Hus vart det laga ein perm med ferdige dramaforlop til bruk i barnehagar og skolar. VT har halde kurs i dette opplegget sidan 1995.

Målet er å gi barna ei totaloppleving av å leve i ei anna tid. Kunnskap om historie blir fletta inn undervegs. Opplevinga av å leve i ei anna tid kan ein ikkje snakke seg til, den må opplevast. Barna skal vere delaktige i prosessen, på ein skapande måte. Barna må ta stilling til problem undervegs, og dei må vere med på å løyse dei. Ein slik arbeidsprosess gir barna moglegheit til å prøve ut fleire løysingar, og til å stole på egne vurderingar.

Trafikkopplæringsframsyninga "Rødt Lys" blei synt på DNS juni 2006 med 18 framsyningar for til saman 3400 barn. Helge Jordal spelte hovudrolla som Rikard Råskinn. Framsyninga var eit samarbeid med Den Kulturelle Skolesekken og blei tilbydd gratis til alle småskolar i Bergen. "Rødt Lys" fekk strålende kritikkar og blei og spelt to gonger under MINI-MIDI-MAXI. Barna i alderen 6 – 10 år kan vanlegvis dei enklaste trafikkreglane, men det er fort å gløyme, og derfor var denne framsyninga ein fin måte å skjønne kvifor vi har desse reglane og kor viktige dei er – om du er liten eller stor. Elevane vert dregne med i framsyninga som aktive medhjelparar og rådgjevarar.

Forfattaren Per Jan Ingerbigtsen har laga ei sprelsk og levande framsyning og musikaren Tarjei Vatne gjorde ein strålende jobb med å komponere nye melodiar. Musikken har fått ei dreining mot det moderne ungdomsuttrykket innan RAP, hiphop og dance. Den Kulturelle Skolesekken i Hordaland har kjøpt opp framsyninga for ein turnè i Hordaland våren 2007.

Hordaland Fylkeskommune sette hausten 2006 i gang eit haldningsskapande prosjekt retta mot ungdom. Hovudformidlinga var teaterframsyninga "RV 555" som tek for seg temaet "ungdom og villmannskøyring". Ungdom i alderen 15 til 19 år er særskilt utsett i trafikken. Berre i Hordaland blir rundt 20 ungdommar drepne eller alvorleg skadde i møte- eller utforkøyingsulukker i helgene. Ulukker skjer på landevegar og fellesnemnaren er høg fart.

Dette formidlingsprosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland Fylkeskommune, Statens Vegvesen og Vestlandske Teatersenter. Vestlandske Teatersenter fekk forfattaren Eirik Tveiten til å skrive teaterstykket "RV 555". VT øvde stykket inn og utvikla eit tilhøyrande undervisningsopplegg til vidaregåande skolar i Hordaland. Undervisningsopplegget er tilpassa fagplanen for den vidaregåande skolen i norsk og samfunnsfag. 4 unge skodespelarar og ein tekniskar reiste på turnè med framsyninga til vidaregåande skolar i Hordaland. Prosjektet blei av alle deltakande partar samt presse omtala som særskilt vellukka og det er vedteke at prosjektet skal halde fram over 4 år med turnè kvar vår og haust.





**«DYLAN – JEG ER IKKE HER»**  
Ekstratilbod på Teaterskolen  
for barn og unge

I juni 2006 vart framsyninga "Dylan – Jeg er ikke her" synt på Småscenen på Den Nationale Scene med 5 visningar. Dette teaterprosjektet var eit tilbod til dei mest ivrige og motiverte elevane på Teaterskolen for barn og unge. 13 ungdommar vart valde ut etter ein audition. Dei møttest ein gong i veka heile vårsemesteret og øva. Manus og regi var ved kunstnarleg leiar på VT, Steinar Thorsen. Ungdommane fekk jobbe under profesjonelle rammer i høve til både manus, regi, musikk, scenografi, kostyme og spelestad. Stykket var i form av ein musikal med 14 av den kjende dikteren og musikaren Bob Dylan sine songar. Framsyninga fekk særleg god kritikk i Bergens Tidende og framsyninga vart vist som opningsframsyning på teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI.

Dette ekstratilbodet, Teater Ekstra, som det vert kalla, skal bli eit årleg tilbod til dei av elevane på Teaterskolen som ønskjer å utforske teateret i djupare forstand. Dei skal få jobbe med ny dramatik med profesjonelle fagfolk i alle ledd, og såleis få ei innføring i teateret sine seriøse rammer.



**DET KLEBRIGE HUSET**  
Moderne figurteater mot narkotika

Vestlandske Teatersenter og den litauiske teatergruppa UPT-FORMA produserte i samarbeid figurteaterframsyninga "Det klebrige huset". Framsyninga blei spelt på Ole Bull Scene med premiere 30. november 2006, og var "bestillingsverket" til teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI. Dette var ei framsyning som fungerte godt på dei unge sjølv om ikkje pressa jubla.

Prosjektet er basert på å bruke figurteater i nye former og med nye sterke verkemiddel for å vise fleire sider ved problemet med ungdom og narkotika. Målet med prosjektet var å skape ein førebbyggjande reaksjon hos tilskodarane, og initiere til debatt og informasjonsspreiing rundt dette viktige temaet. Temaet "Ungdom og narkotika" er gamalt, men diverre framleis eit aktuelt og smertande sosialt problem som det er viktig å problematisere og skape merksemd rundt. For å kome eit skritt vidare i denne pedagogiske formidlinga treng ein nye metodar, nye kunstformer og ei definert teoretisk plattform.



**DILL OG DIGER**  
Klovneframsyning for 4 – 10 åringar.

Vestlandske Teatersenter spelte våren 2006 klovneframsyninga "Dill og Diger" både i Bergen, Arna, Husnes og på Scenkunstmærkaden i Sandefjord. Dette er ei annleis klovneframsyning, heilt fri for raude nasar og kjende ablegøyer. Framsyninga blei vist for eit nøgd publikum og fekk gode kritikkar. Framsyninga vart utvikla i samarbeid med Peter Straus frå USA. Klovneframsyninga "Dill og Diger" er basert på den amerikanske Helan og Halvan / Marx Brothers-tradisjonen iblanda gags- og slapstick-uttrykket frå 50-talet sine amerikanske Warner Bros-teiknefilm som Daffy Duck. Dei fysiske verkemidla her skil seg frå andre teiknefilm, som var basert på slapstickhumor med fysisk vald som humorbasis, dvs. at det morosame var når figurane slo/skada seg, eller blei slått/skada av andre. Warner Bros øvde med menneske først før dei implementerte realistiske gags i teiknefilmene. Slik har og dei fysiske uttrykka i Dill og Diger kome til.



**KOLLEKTIVET**  
Teaterframsyning av-, for- og med seniorar

Vestlandske Teatersenter produserte hausten seniorteaterprosjektet "Kollektivet" i samarbeid med manusforfattar Inger Raddum og teaterkunstnar Karin Hox – 2 aktive seniorar i Bergen. Med teaterprosjektet "Kollektivet" ønskte vi å gi eit meir nyansert bilete av eldre menneske. I samfunnsdebatten vert dei ofte skildra som pleietrengande og inaktive. Prosjektet ville visa det motsette. Både manuset og prosjektet sitt vesen formidla dette på ein glimrande måte. På scena står det menneske med mykje livserfaring frå samfunns-, arbeidsfamilie- og kulturliv. Dei er framleis menneske med kjensler og liv. Vi ville vise at dei ikkje er visnande døme på menneskeheita. Framsyninga gav publikum eit sterkt møte med ekte menneske som i ein situasjon vi alle kan hamne i. Vestlandske Teatersenter ville med dette prosjektet og utforske dei sceniske høve til å lage teater som handlar om eldre sin situasjon, spelt, skrivne og utforma av eldre, produsert innanfor profesjonelle produksjonsrammer. Framsyninga vart vist på Bryggen Museum i september med fulle hus og gode kritikkar.



**PER, DU LYVER**  
Ibsenfestival på Vestlandske Teatersenter si teaterskole

I 2006 var det hundre år sidan Henrik Ibsen døydde. Ramma rundt Ibsen-året i Bergen var "Ibsen for ungdom", "ung, ny dramatik", "Ibsen for et ungt", nytt publikum", "Ibsen som kilde til innsikt i en ny tid". Åtte av ti grupper på Teaterskolen arbeidde med ulike innfallsvinklar til Ibsen sine tekstar som munna ut i fire framsyningar på Scene USF i april. Gruppene arbeidde gjennom året med utdrag og tema frå blant anna Peer Gynt, Lille Eyolf, En Folkefiende, Et Dukkehjem, Rosmersholm, Hedda Gabler og Byggmester Solness. Dette vart ingen vanlege tradisjonelle Ibsen framsyningar. Eit par av dei mange innslaga var direkte utdrag av Ibsen-stykke, medan det meste vart laga ut frå elevane sine eigne assosiasjonar rundt tema, karakterar og Ibsen sitt liv. Målet var at både elevar og publikum skulle få meir kjennskap til Ibsen etter dette.



**REDD BARNAS JUBILEUM**  
Samarbeid mellom Vestlandske Teatersenter sin teaterskole og Redd Barna

Etter godt samarbeid i 2005, vart vi igjen kontakta av Redd Barna om vi var interessert i å lage jubileumsframsyninga i høve 60-års jubileet deira. To ungdomsgrupper frå Teaterskolen fekk denne utfordringa. Med inspirasjon frå Redd Barna sitt arbeid laga gruppene ei flott framsyning, der ungdom sette barn og unge sine rettar i fokus. Dei drog fram enkelte situasjonar som ungdommane såg på som dei verste overtrampa mot barn i verda, og utvikla manus gjennom improvisasjonar i gruppene. Framsyninga vart vist i midten av mai på Scene USF for skoleklassar på dagtid, samt ei åpen framvisning på kveldstid.



## Teaterframsettingar av eller i regi av Vestlandske Teatersenter

Framsyingar frå VT 2006	Antal aktører/deltakarar			Antal framsyingar	Publikumstal
	Barn	Unge	Vaksne		
Dill & Diger			2	10	704
Gr. 5 og 6 Teatersk: Redd Barna jubileum		28		4	800
Gr. 7 Teatersk: Ibsens inspirasjon		12		2	96
Gr. 3 og 8 Teatersk: Ibsen og litt til	14	14		3	340
Gr. 2, 4 og Teatersk:Ibsen på ny	28	13		2	200
Gr. 1 og 9 Teatersk:					
Syvende Ibsen i huset og middag i helvete	14	14		2	170
Såpeteater		13		6	420
Salmiakk		14		3	260
Teater Maxi		14		3	560
Bablegøyeteater		14		3	340
Teaterkistanje		14		2	280
Reflex-teater		14		4	576
Teater Amøbe	56			2	260
Rødt lys		1	4	19	3336
Dylan - jeg er ikke her		13	4	6	984
Bilder fra Bjørgvin	236		40	2	2200
Kollektivet			10	3	340
RV 555		4		14	1380
Det klebrige huset		2	3	2	131
Den fortrollade sporven *			1	3	120
Sneglegutten *			2	1	120
Bortbytingen *			1	2	47
Ondskapen *			1	1	58
Trio for to skuespillere og spansk gitar *			2	1	52
Store stemme *			2	2	126
The Woman *		6		2	128
Katta og andre strofer *			2	2	184
Prins Lys *			4	1	100
The Balancing Act			4	2	152
<b>Totalt</b>	<b>348</b>	<b>190</b>	<b>82</b>	<b>109</b>	<b>14464</b>

Barn = Under 12 år • Unge = 13 til 25 år • Vaksne = Over 25 år • \* = Del av Teaterfestivalen MiniMidiMaxi

## Medlemsorganisasjonar og medlemservice

I 2006 var det registrert 156 enkeltpersonar og 48 lag/organisasjonar hos VT.

Markane ungdomslag, Stryn	Stigespillerne, Bergen	Ungdomslaget Strilen, Fjell
Søre Neset ungdomslag, Os	Arna Musikkteater, Ytre Arna	Dræggens buekorps, Bergen
Viksdalen ungdomslag, Viksdalen	Åsane ungdomslag, Bergen	Liland ungdomslag, Bergen
Solund ungdomslag, Hardbakke	Radøy teaterlag, Sletta	Høgskolen i Bergen,
Melandsrevyen, Frekhaug	TAF Teater, Dalekvam	Dramaseksjonen, Bergen
Askøyteateret, Askøy	Førderevyen, Førde	Fjell kulturskule, Straume
Postens Revygruppe, Bergen	Krabatene, Brattholmen	Fitjar Teaterlag, Fitjar
Lindås ungdomslag, Lindås	UL Heimhug, Revygruppa, Hjelmås	Alvøen lokalforening, Alvøen
Studentteateret Immaturus, Bergen	Mjeldalen ungdomslag, Haus	Bergen Byspill, Bergen
Skogstjerna ungdomslag, Atløy	Fyllingsdalen vgs., Dramalinjen, Bergen	Glesnes Teaterlag, Glesvær
Haugesund Mållag og Ungdomslag,	UL Nybrot, Vågseidet	ISA & BELLA Kompaniet, Bergen
Avaldsnes Kvam Revyteater, Øystese	SFO - Haukeland skole, Bergen	Teaterkompaniet Kompani Krap, Bergen
Bygstad ungdomslag, Bygstad	Barneteateret Syltetøys, Haus	Utne Grannalag, Utne
Os Bygdakunstlag, Hagavik	Os Revy & Teaterlag, Os	Vaksdal Revylag, Vaksdal
Austrheim frilynte ungdomslag, Austrheim	Teaterkompaniet Proscenia, Bergen	Kaos Teater, Rong
Førde ungdomslag, Valevåg	Aldateateret, Bergen	Voss folkehøgskole, Voss
Sotra Teaterlag, Ågotnes	Dræggeguttenes Foreining/	

Av desse hadde 29 av medlemsorganisasjonane teateraktivitet i 2005 og stod for ein samla produksjonsmasse på teaterframsettingar på:

Antal aktører / deltakarar			Antal produksjonar	Antal framsyingar	Publikumsantal
Barn 0 - 12 år	Unge 13 - 25 år	Vaksne 26 år ->			
330	474	397	76	208	20196

VT nyttar anledninga til å gratulera medlemsorganisasjonane med flotte bidrag til mangfaldet i Teater-Noreg.

I tillegg til 20 % rabatt på alle VT kursa, gjer VT blant anna følgjande tilbod til medlemmar:

### Gratis utlån

Kostyme, Teknisk utstyr lyd/lys, Øvingslokale  
Black Box scene med plass til 100 publikummarar  
Fagbøker

### Utlån av manus

Vi låner ut manus og hjelper med spiletilling gjennom databasen DRAMAS

### Utlån av lokale

Gratis utlån av lokale til våre medlemmar er eit populært tilbod. I løpet av 2006 nytta 9 av medlemsgruppene moglegheita til å låna lokale. Totalt 97 dagar i 2006 vart øvingslokale brukt av medlemmane.

# Kurs og kompetanse

Det er særst viktig for VT å stå for ei breidde i tilboda innan kurs og oppdragsverksemda.

Ein ser ein klar tendens for 2006 at utfordringa ligg i å engasjere blant anna medlemsorganisasjonane til å delta på kurs og workshop i større grad. På medlemsida auka talet på medlemsorganisasjonar i 2006 mot tidlegare år, og er oppe i 48 lag og organisasjonar.

Trass i dette gjekk etterspurnaden på kurs og oppdrag noko ned samanlikna med tidlegare år.

## Gjennomførte kurs / oppdragsverksemd i 2006

Kurstema/tittel	Sted	Dato	Antall deltakere			Timer	Døgn/ ganger
			Barn	Unge	Voksne		
Klovnekurs	Haukeland Skole, SFO	26/1 - 9/2	40			10	6
Teater for ungdom	Ungdomshuset 1880, Bergen	April-Mai		12		24	4
Regikurs - / instruksjon	Strilen ungdomslag	5/3 - 16/5			20	40	20
Barnehagekurs	VT	14/3 og 21/3			27	12	2
Sminkekurs	Mjeldalen ungdomslag	22/3			14	4	1
Teatersport	VT	29/3 og 30/3		4	4	12	2
Teaterskolen, gr. 1	VT	Vår+haust	14			42	28
Teaterskolen, gr. 2	VT	Vår+haust	14			42	28
Teaterskolen, gr. 3	VT	Vår+haust	14			58	29
Teaterskolen, gr. 4	VT	Vår+haust	14			56	29
Teaterskolen, gr. 5	VT	Vår+haust	14			62	30
Teaterskolen, gr. 6	VT	Vår+haust	14			62	30
Teaterskolen, gr. 7	VT	Vår+haust	12			56	28
Teaterskolen, gr. 8	VT	Vår+haust		14		62	30
Teaterskolen, gr. 9	VT	Vår+haust		12		84	28
Teaterskolen, gr. 10	VT	Vår+haust		13		87	29
Teaterskolen, TeaterExtra	VT	Vår+haust		13		140	35
Dramaforløp for barnehageansatte	Ulsmåg barnehage	2/6			17	6	1
Sminkekurs	Familiedag i Nygårdsparken	27/8	50			3	1
Bilder fra Bjørgvin	Bryggen Museum	12/9 - 17/9	60		10	6	3
Skuespillerteknikk	Fitjar Revyfestival	22/9 - 23/9		4	16	12	2
Monologkurs for kvinner	Fitjar Revyfestival	22/9 - 23/9			7	6	1
Oppstart av barneteater/motivasjon	Utne grannalag	26/9 og 27/9	20			10	2
Tekstskrivingskurs med Are Kalvø	VT	14/10, 15/10		2	6	12	2
Dramaforløp for barnehageansatte	Løvåsen barnehage	13/10			22	6	1
Sminkekurs	Voss folkehøgskole	3/11		30		3	1
Reality has lost its voice - TIU	Studio Bergen *	30/11			31	1,5	1
Nye teaterformer i skolesekken	Lille Scene DNS *	30/11			6	2	1
Konflikt blir drama	Studio Bergen *	30/11			5	2	1
Kunsten å falle	Ole Bull Scene *	1/12			9	3	1
The Balancing Act	Studio Bergen *	1/12		58	29	4	1
Lek og metodikk	Studio Bergen *	1/12			14	2	1
Å gjøre det usynlige synlig	Ole Bull Scene *	2/12			9	2	1
Tegneseriemime	Foajé DNS *	2/12			15	2	1
Juleevangeliet	Austrheim ungdomslag / kirke	12/12	30	58	40	8,5	1
<b>Totalt</b>			<b>296</b>	<b>220</b>	<b>301</b>	<b>944</b>	<b>381</b>

Barn = Under 12 år • Unge = 13 til 25 år • Voksne = Over 25 år • \* = Del av Teaterfestivalen MiniMidiMaxi



## Vedtekter for Vestlandske Teatersenter

Revidert 24. mars 2006

### §1 Formål

- Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplærings-senter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- VT skal arbeide for god scenekunst, fremje ny norsk dramatik.
- VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

### § 2 Medlemskap

- VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, frivillige lag, offentlege og private verksemdar kan vere medlemmar.
- Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ein av foreldra/føresette med ei røyst på årsmøtet. Foreldre/føresette som representerar sine barn har berre ei røyst uavhengig av antal barn dei har på Teaterskolen
- Medlemmane har røyserett på årsmøtet etter følgjande nøkkel: Einskildpersonar over 15 år, ei røyst. Frivillige lag har to røyser; offentlege og private institusjonar tre røyser.

- For å ha røyserett må kontingenten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- Utsendingar frå frivillige lag, offentlege og private institusjonar må dokumentere representasjonsretten sin med fullmakt.

### § 3 Årsmøtet

- Årsmøtet er høgaste organet i VT
- Årsmøtet skal heldast innan 15. mars kvart år
- Røyserettar og fullmakter for delegatane til årsmøtet er definert i paragraf 2
- Kvart årsmøte avgjer om det er saker der det skal gjerast avgrensingar i røyseretten.
- Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere kome inn til administrasjonen/styret innan 31. januar.
- Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmane seinast 30 dagar før møtet vert gjennomført.
- Naudsynt skriftleg underlagsmateriale til dei sakene som skal handsamast på årsmøtet skal vera distribuert seinast 14 dagar før møtet.
- Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte: Årsmelding og revidert rekneskap. Fastsetje medlemskontingent for neste år. Handlingsplan og budsjett for neste år.

Val.

- Årsmøtet skal velje: Styreleiar for to år  
Ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på to år slik at Ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.  
Ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på to år.  
Tre medlemmar til valnemnda for eitt år revisor for rekneskapen når det er turvande.
- Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.

### § 4 Ekstraordinært årsmøte

- Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemmane.
- Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

### § 5 Styret

- Styret er på 6 personar.
- Styret er samansett slik: Styreleiar og to representantar som er valde av eit årsmøte.

Ein representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte. Ein representant peika ut av Bergen kommune.

- Dei oppnemnde medlemmene frå Bergen kommune og dei tilsette har personleg vara,
- Det står fritt for Bergen kommune til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmer er til stades.
- Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtektene og dei vedtak årsmøtet gjer.
- Styret skal seg imellom velje nestleiar og oppnemne eit Arbeidsutval, og gje Arbeidsutvalet naudsynte fullmakter.
- Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i Arbeidsutvalet.
- Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte si dobbelrøyst.

### § 6 Økonomi, forvaltning og revisjon

- Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

### § 7 Vedtektsendringar

- Framlegg til endringar i vedtektene må vere styret/administrasjonen i hende seinast 31.januar.
- Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemmane seinast 30 dagar før årsmøtet.
- Endringar i formåls- og endrings- og oppløysingsparagrafen (§1, § 7 og §8) krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på eit årsmøte.
- Andre endringar i vedtektene krev  $\frac{2}{3}$  fleirtal på eit årsmøte.
- Endringane trår i kraft frå det tidspunktet som årsmøtet fastset.

### § 8 Oppløysing

- Framlegg om oppløysing av VT krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.



